

18 frå Bø blir norske statsborgarar

Førstkomande søndag blir 125 nye statsborgarar frå 14 ulike kommunar helse velkomen til Telemark. 18 av desse er frå Bø. Statsborgarseremonien er eit årleg arrangement, der nye borgarar blir invitert til å feire hendinga saman med sine nærmaste og andre inviterte gjester. Fylkesmann i Telemark, Kari Nordheim-Larsen, skal stå for den høgtidelege

seremonien, som har både taler og kulturinnslag. Årets hovudtalar er ordførar Olav Kasland frå Bø. Totalt er det 344 nye statsborgarar i Telemark i 2015, 18 av desse er frå Bø. 125 har takka ja til å bli med på markeringa i Skien. Dei 125 kjem frå 57 land. Flest kjem frå Afghanistan (54), Burma (36), Irak (26), Filippinane (22) og Somalia (22).

Lippestad på møte

Advokat og forsvarar for Anders Behring Breivik, Geir Lippestad, skal snakke om verdikommunikasjon på eit møte på Bø ungdomsskule torsdag 12. november. – Gjennom verdikommunikasjon fekk han kommunisert kvifor det var rett av han å ta på seg oppdraget med å forsvare Behring Breivik trass at han ikkje delte klienten si oppfatning, skriv arrangøren på plakaten. Det er Utdanningsforbundet i Bø, Nome, Sauherad og Seljord som står bak og det er eit medlemsmøte.

Vart mot ak

ne mellom dei tre kommunane i Midt-Telemark og Seljord saman. Dermed inviterte Nome Bø og Sauherad til å starte nye forhandlingar etter valet. Dei to takka ja og tysdag var dei samla i Ulefoss. Stemninga verka for å vere betre enn då dei møttest i Seljord. Fleire av deltakarane gav også uttrykk for at dei tykte dette var eit betre møte.

Dette møtet handla om korleis ein skal legge opp arbeidet for å kome i mål i løpet av vel eit halvt år. Ein vart einige om å arrangere ei arbeidssamling i Vrådalen. Då vil inntil ti kommunestyrerepresentantar frå kvar kommune (utvida formannskap), referansegruppa av tillitsvalde og rådmennene med sine fagleiarar møtast. Der skal ein jobbe for å skape grunnlaget for ei intensjonsavtale.

Både før og etter vil forhandlingsutvalet møtast for å jobbe. Det skal ha to møte før samlinga i Vrådalen og då skal dei blant anna få høyre erfaringar frå ei vellykka samanslåing i Vestfold.

Folkeavstemming eller...

Det vart også vedteke at ein skal bestemme korleis ein skal høyre innbyggjarane si meining i eit kommunestyremøte før jul.

Det vil seie at då skal ein finne ut om det skal haldast folkeavstemming eller om innbyggjarane skal få seie si meining på ein annan måte.

Olav Kasland sa at mykje tyda på at det blir folkeavstemming i Bø. Alf Rose Sørsgaarden meinte at folkeavstemminga var i haust og at ei folkeavstemming om samanslåing eller ikkje kan bli liksomdemokrati. Ein kan få vite meir om kva folk meiner på andre måtar.

Når innbyggjarane har blitt høyrde skal kommunestyra i dei tre kommunane behandle saka på nytt. Det skal skje 28. april klokka 18 i alle kommunane.

Ikkje forhandlingar no

Kasland har tidlegare sagt at dei viktige tinga som kommunesenter må kome tidleg i prosessen. Det var blant dei ting som var oppe på møtet der dei førre forhandlingane stranda.

– Dette var ikkje forhandling. No var det prosessen me snakka om. I Seljord forhandla me om harde realitetar, seier Kasland om møtet tysdag.

Han seier at når ein møter kvarandre til forhandlingar i Vrådalen vil igjen dei harde realitetane kome på bordet.

Middels på kulturminnevern

Landets kommunar er rangerte etter kor flinke dei er til å handtere kulturminne. I Midt-Telemark skårar Nome og Sauherad godt, medan Bø er under middels.

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no - tlf 906 38 453

Kommunane har ei viktig rolle i å ta vare på felles kulturarv. Riksantikvaren har nå brukt data som kommunane sjølve rapporterer i KOSTRA-systemet til å rangere dei etter kor gode dei er til dette.

I år er andre gong Riksantikvaren rangerer kommunane si kulturminneforvaltning. Det er langt fleire kommunar som har svart på kulturminnespørsmål til KOSTRA for 2014 enn tidlegare. Ifølgje Riksantikvaren hadde omlag 35 prosent av alle kommunar i landet null poeng i fjor. Mange av desse hadde ikkje rapportert.

– I år ser vi ei klar forbeiring. Omlag 23 prosent av alle kommunane står med null poeng i år, og det kjem mellom anna av at mange har blitt flinkare til å rapportere. Det er òg fleire kommunar som skårar høgt i år samanlikna med i fjor,

heier det i ei pressemelding frå Riksantikvaren.

Ni på topp

Oversikta viser at mange kommunar har blitt flinkare til å rapportere arbeidet sitt på kulturminnevern samanlikna med i fjor, og heile ni kommunar har fått full pott. Kommunane Giske, Hå, Lærdal, Nedre Eiker, Sandnes, Skånland, Sveio, Sørums og Trondheim har fått maksimal poengsum (9). Dei skårar høgt på spørsmål om kompetanse, registreringer, planar og løyving av pengar til kulturminnefeltet.

Bø under middels

Eit av måla med rangeringa er å motivere kommunar til å ta større ansvar for forvaltning av kulturminna i kommunen. I Telemark er tre på topp med 8 poeng. Det er Nome, Porsgrunn og Tinn, medan Sauherad plasserer seg lenger ned med seks poeng. Bø, derimot, er under middels god på kulturminnevern, med berre tre poeng.

Bakgrunnen for Bø si plassering er at kommunen enda ikkje har ein vedtatt kulturminneplan, ingen registrerte årsverk eller eige budsjett for området. Til samanlikning har Sauherad ei deltidsstilling til

museums- og kulturminneføremål.

Kultursjef i Bø, Hilde Pedersen, opplyser at Bø kommune får på plass kommunedelplan for kulturminne i løpet av 2016 i samarbeid med Sauherad kommune.

– Denne planen vil synleggjere viktige kulturminne og kulturmiljø, og vil også gje politikarane eit godt grunnlag for å gjere prioriteringar på feltet, seier Pedersen, og legg til at i arbeidet med planen bygger kommunen opp kompetanse i eigen organisasjon.

Stort frivillig arbeid

Pedersen seier også at det er gjort eit stort arbeid dei siste åra både i Bø og Sauherad med å registrere nyare tids kulturminne. Desse registreringane kan publikum finne på nettsida kulturminnesok.no.

Arbeidet er gjort i samband med planarbeidet og i prosjektet Kultur- og naturreise som for ein stor del er basert på frivillig innsats.

– Dette viktige arbeidet viser seg ikkje igjen i Kostra sine tal. Nome på si side har satsa mykje på dette fagfeltet dei siste åra, noko som handlar mykje om Telemarkskanalen og Drømmemila, seier Pedersen.



Husmannsplass. Ein av kommunens mange husmannsplassar, Ramsås Vestre, som er registrert. Foto: Bjørn Tveiten

